



Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

## Regional kompetanseordning - barnehage 2019 – 2022 Informasjon til barnehageeigarar i Hordaland

Dette notatet gjere greie for hovudtiltaket i den **regionale ordninga for kompetanseutvikling** i barnehage – barnehagebasert kompetanseutvikling. Barnehagemynda har ansvar for å vidaresende notatet til alle eigarane innanfor eigne kommunegrensar, og på den måten bidra til at alle har same informasjon om ordninga som blir etablert i fylket i løpet av 2018.

### Bakgrunn

**I ny rammeplan som er gjeldande frå 1. august 2017 er det gjort greie for korleis ansvar for kvalitet i barnehagane er plassert, og kva som er barnehagane sitt innhald og formål.**

Rammeplanen følgjer opp Meld. St. 19 (2015 – 2016). Her har regjeringa omtalt og vurdert tilstanden i barnehagesektoren. Mykje fungerer godt og dei fleste eigarane, kommunale og private, har barnehagar med god kvalitetar.

Samstundes er det dokumentert at det er store skilnadar, også når det gjeld kvalitet. Dette uroar regjeringa seg for, både av omsyn til barn sin her og no-situasjon, men òg fordi det har potensiale i seg til å ha uheldige konsekvensar for barn på sikt.

Uroa er særleg knytt til følgjande forhold;

- ikkje alle barn opplever eit trygt og godt omsorgs- og læringsmiljø i barnehagen
- det er for stor variasjon mellom barnehagar i kvaliteten på det allmennpedagogiske tilbodet
- mange barn manglar tilstrekkeleg norskspråkleg kompetanse når dei startar på skolen
- barn med behov for særskilt støtte og tilrettelegging får ikkje eit tilpassa tilbod i tide
- ikkje alle barn opplever ein god overgang og samanheng mellom barnehage og skole

### Staten vil støtte barnehageeigarar som etter kartlegging har identifisert behov for kompetanseutvikling

Det er barnehageeigar, kommunale og private, som har det juridiske ansvaret for kvaliteten i barnehagane. Dette betyr at barnehageeigar kontinuerleg skal jobbe for at barnehagen har rett kompetanse til å ivareta dei kvalitetane som rammeplanen stiller krav om.

Når staten no etablerer ei ordning for å støtte eigarar som har identifisert særlege kompetansebehov, er det lagt opp til ei ordning som skal tene fleire formål:

- a) statlege midlar er stilt til rådvelde og skal bidra til å sikre alle barn eit likeverdig tilbod som er i tråd med rammeplanen.
- b) ordninga skal styrke samarbeidet om kompetanseutvikling mellom Universitet og Høgskule-sektoren (UH-sektoren) og barnehagemynda/barnehageeigar, fylkesmenn og eventuelt andre aktørar.
- c) ordninga skal bidra til føreseielege tilhøve for aktørane og felles retning. Difor er det stilt krav om ein felles langsiktig kompetanseplan i fylka/embeta.
- d) Kompetanseutviklinga skal vere barnehagebasert, kollektiv og inkludere heile personalet.

### **Kven kan få midlar og korleis er prosessen lagt opp i Hordaland?**

Vi veit at om lag 66 % av barnehageeigarane har ein kompetanseplan, men mindre enn halvparten av eigarane har lagt ei kartlegging av barnehagen sin kompetanse til grunn for planen (nasjonale tal).

Dei av barnehageeigarane som er aktuelle for ordninga, må ha identifisert eit eller fleire område der dei har behov for kompetanseheving. Det er difor naudsynt at barnehagane har gjennomført ei kartlegging av sentrale område (jf. rammeplanen), og at denne kartlegginga synleggjer behov knytt til konkrete tema. Barnehagar *kan* ha behov på eit område, og samstundes har gode kvalitetar på andre felt. Dette er med andre ord ikkje ei ordning som rangerer barnehagar. At ein barnehage manglar viktig kompetanse kan ha mange forklaringar. Det kan sjølvstundt hende at barnehagen over tid ikkje har prioritert kompetanseutvikling, men det kan og skuldast at sentrale medarbeidarar har slutta, at barnegruppa har endra seg eller at det er vanskeleg å få rekruttert medarbeidarar med ønskt kompetanse. Ordninga skil ikkje mellom ulike forklaringar til at barnehageeigar har eit særskilt kompetansebehov, men den søker å skilje mellom barnehagar som *har eit identifisert behov* til forskjell frå barnehagar som har kompetansen men som *ønskjer* vidareutvikling.

Fram til no har det vore to møter mellom alle aktørane (barnehagemynda og representantar for dei private eigarane, fagorganisasjonane, PBL, KS og UH-sektoren) der ordninga er presentert og der det er drøfta både korleis vi her i fylket skal gjere ordninga kjent og korleis vi best kan organisere oss:

1. alle barnehageeigarar får ei felles orientering om ordninga (dette notatet)
2. barnehagemynda, i samarbeid med UH- sektoren, kjem med forslag til eit kartleggingsopplegg som alle barnehageeigarar kan ta i bruk. Det er understrekt at dette opplegget skal byggje på kjente verktøy, og at det skal gjerast handterleg for den einskilde eigar. Det er eit mål at kartlegginga er gjennomført i løpet av hausten 2018.
3. på bakgrunn av kartleggingane blir det utarbeidd ein temaplan for fylket. Dette skjer i eit samarbeid mellom barnehagemynda, private og kommunale eigarar, PBL og UH-sektoren. Planen blir i første omgang lagt for perioden 2019 – 2022.
4. kor mange barnehagar som kjem med i ordninga frå år til år blir først prioritert i eit regionalt nettverk<sup>1</sup>, deretter i eit samarbeidsforum på fylkesnivå, leia av Fylkesmannen.

### **Vidare avtalar**

Det tredje møtet om regional kompetanseordning er avtalt til 13. september 2018. Då er det gjort klart eit opplegg for kartlegging av kompetansebehov i den einskilde barnehage som eigarane kan ta i bruk. Det kjem nærmare informasjon etter dette møtet om korleis kartlegginga skal gjennomførast.

---

<sup>1</sup> I Hordaland er det 6 regionale kompetansenettverk: Bergen, Sunnhordland, Nordhordland, Midthordland, Ytre Midthordland og Hardanger-Voss.

I dette møtet blir det og lagt ein plan for møte mellom UH-sektoren og dei 6 kompetanseregionane. I løpet av november/desember blir det gjennomført eit siste møte før kompetanseplanen for fylket blir lagt. Konkret tildeling av midlar til barnehageeigarar og UH skjer så snart råd er i 2019.

### **Til slutt**

Frå Fylkesmannen si side ønskjer vi barnehageeigarar, private og kommunale, meir enn velkomen til å melde behov inn til ordninga og vi meiner vi legg opp til eit godt opplegg for dei prioriteringane vi må gjere der både dei private eigarane og dei kommunale eigarane er godt representert. Prioriteringane og tildelingane innanfor dei økonomiske rammene vi har til rådvelde skal vere transparente og gjort kjent for sektoren.

Vi har stor tru på at barnehagane, i samarbeid med UH-sektoren, kan gjennomføre mange, ulike og nyttige kompetanseutviklingsprosjekt som kjem heile personalgruppa til gode og som er til det beste for barn.

Spørsmål til ordninga kan sendast til barnehagemynda i eigen kommune, eller til Fylkesmannen i Hordaland v/Anne Hjermand ( [fmhoakh@fylkesmannen.no](mailto:fmhoakh@fylkesmannen.no) ) eller Marianne Svege ( [fmhomsv@fylkesmannen.no](mailto:fmhomsv@fylkesmannen.no) ).

Med helsing

Anne Hjermand  
utdanningsdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*